



**ANDELSLANDBRUK
NOREG**

**Grunnprinsipp for
andelslandbruk i Noreg**



Introduksjon

Andelslandbruk er eit omfattande svar på ønske om direkte kontakt mellom produsentar og forbrukarar, og eit miljøvenleg landbruk. I solidaritet tek lokale fellesskap ansvar for å skape berekraftige matsystem; sosialt, økonomisk og økologisk. Andelslandbruk i Noreg er ein del av ei verdsrørsle, med det engelske omgrepet «Community Supported Agriculture». Det er mange ulike måtar å organisere andelslandbruk på, men med samarbeid og berekraft som overordna verdier. Denne erklæringa skildrar det felles verdigrunnlaget dei byggjer på.

Definisjon

Andelslandbruk er eit langsiktig samarbeid mellom forbrukarar og dei som produserer mat og andre landbruksprodukt. Ansvar, risiko og avling vert delt mellom partane etter avtale for eitt år om gongen.





Grunnprinsipp



1. Dialog om landbruksdrifta

Partane har regelmessig dialog om kva og kor mykje ein skal produsere, basert på kva som er mogleg på garden. Produksjonsplan og budsjett vert vedteke på eit årleg møte/årsmøte. Alt som gjeld drifta skal vere ope for alle.

2. Gjennomsiktig økonomi

Andelslandbruk er ein modell som søker å vere berekraftig i alle ledd, og er basert på tillit og klarleik. Difor skal økonomien for andelslandbruket vere synleg for alle partar. Beløpet for den årlege andelen er basert på godkjent produksjonsplan og budsjett med reelle kostnader. Dette tyder mellom anna ei anstendig løn til bonde, gartnar, administrasjon og eventuelt andre nøkkelpersonar som er knytt til andelslandbruket.

3. Delt avling, delt risiko

Andelseigarane betaler ein andel i produksjonen til andelslandbruket på førehand, og deler med det risikoen for årsvariasjonar. Andelseigarane betaler ikkje for ei bestemt mengde produkt, men for ein bestemt produksjon som er eigd av og vert delt mellom andelseigarane.

4. Involvering av andelseigarane

Andelseigarane tek direkte ansvar for matforsyninga si gjennom deltaking. Partane avklarar på førehand arbeidsfordeling, kven som har ansvar for hausting, distribusjon og eventuell dugnadsinnsats.

5. Berekraftig landbruksdrift

Drifta skjer på ein ansvarleg og varleg måte som tek vare på miljøet, både for noverande og framtidige generasjonar. Andelslandbruket søker å oppretthalde og fremje helsa til både jord, plantar, dyr og menneske.

FUNKSJONEN TIL DOKUMENTET

Desse grunnprinsippa dannar ein felles verdiplattform for andelslandbruk i Noreg. Det er opp til kvart enkelt andelslandbruk å sikre at utforminga og drifta er i tråd med desse prinsippa. Dette er eit levande dokument, som det er råd å revidere på dei årlege nettverkssamlingane. Dei som til ei kvar tid koordinerer nettverket legg til rette for prosessen med revidering. I skrivande stund er dette andelslandbruksprosjektet i Økologisk Norge. Dei som stiller seg bak dokumentet kan og bruke logoen for andelslandbruk i Noreg.

Utkast til grunnprinsipp vart formulert etter ein grundig prosess, der alle andelslandbruka i Noreg vart inviterte til å delta og kome med innspel. Ei ope arbeidsgruppe, med Jolien Perotti, Alexandra Devik, Marit Bendz, Maria Bjune og Karine Kjellberg Granli utarbeidde eit siste utkast, som deltakarane på Nettverkssamling for andelslandbruk i Noreg på Hadeland 24. mars 2017 stilte seg bak.



Økologisk
Norge

ØKOLOGISK NORGE

Engebrets vei 3
0275 Oslo

PROSJEKTLEDER

Alexandra Devik alexandra@okologisknorge.no

Foto: Hedda Thomassen // Øver-Bakken andelslandbruk